



KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Sissel Hol, 71 25 84 49

1515 Herøy kommune – Innmelding bokstav d ROBEK

Vi viser til ROBEK-reglane (kommunelova § 28), statsforvaltarens rolle (delegert myndigheit FOR-2019-08-30-1096) og brevet frå Kommunal- og distriktsdepartementet den 3. januar 2024 (ref 22/1967).

Herøy kommunestyre har den 18. juni, i sak 74/25, fatta følgande vedtak:

- «1. Herøy kommunestyre godkjenner rekneskapen for 2024 med eit negativt netto driftsresultat på 11.447.863,28 kroner
2. Driftsrekneskapen for 2024 er ikkje oppgjort i balanse og 7.517.003,99 kroner er framført til inndecking i seinare år (meirforbruk).
3. Meirforbruket per 31.12.2024 vert dekt inn i 2025 og 2026
4. Investeringsrekneskapen for 2024 er oppgjort i balanse
5. Årsrapporten vert godkjent slik den ligg føre»

Balanserekneskapen til Herøy kommune for 2024 viser eit oppsamla meirforbruk frå driftsrekneskapen som overstig tre prosent av driftsinntektene. Meirforbruket er på 28 915 783 kroner, medan brutto driftsinntekter er på 927 207 685 kroner. Dette inneber eit meirforbruk på 3,12 prosent av driftsinntektene. Av meirforbruket på 28 915 783 kroner, er 21 398 779 kr frå 2023 rekneskapen og 7 517 003 kr frå 2024 rekneskapen. Statsforvaltaren har blitt informert om at det er spesielle omstende (av teknisk art) som har ført til at kommunen fekk eit meirforbruk i 2024, og at det ikkje er på grunn av eit for høgt driftsnivå.

Etter kommunelova § 28-1 første ledd bokstav d, skal ein kommune meldast inn i ROBEK dersom balanserekneskapen til kommunekassa viser eit oppsamla meirforbruk frå driftsrekneskapen som



overstig tre prosent av driftsinntektene. Med driftsinntekter meinast brutto driftsinntekter, som svarar til summen på post 9 i økonomisk oversikt drift etter budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-6.

På bakgrunn av rekneskapen for 2024 og spesielle omstende (av teknisk art) som førte til at kommunen fekk eit meirforbruk i 2024, har statsforvaltaren vurdert om vilkåra for å nytte heimelen til å unnlate innmelding i ROBEK er oppfylte. Statsforvaltaren har gjort vurderinga med utgangspunkt i føresegna i § 28-1 andre ledd og dei føringane som går fram av brevet frå Kommunal- og distriktsdepartementet datert 03.01.2024. Denne heimelen er ein unntaksregel som skal nyttast i opplagde tilfelle. For at unntaksregelen skal kunne nyttast, må den underliggjande økonomien i kommunen vere i balanse.

Herøy kommune har vist stor omstillingsvilje og har sett i verk ei rekkje tiltak som har positiv effekt på drifta. Desse tiltaka kan på sikt bidra til økonomisk balanse. Likevel, etter ei samla vurdering av kommunen sin økonomiske situasjon, vert det konkludert med at økonomien ikkje er i balanse grunna eit stort meirforbruk frå 2023.

Statsforvaltaren si vurdering skal byggje på objektive kriterium, og ikkje på skjønnsmessige eller framtidsretta vurderingar av økonomisk utvikling. Sjølv om intensjonane og tiltaka er gode, er det den faktiske økonomiske balansen som er avgjerande. Det ligg ikkje føre eit openbart tilfelle som tilseier at unntaksregelen i § 28-1 andre ledd kan nyttast.

På denne bakgrunnen vert det vurdert at vilkåra for innmelding i ROBEK er oppfylte, og at unntaksregelen ikkje kjem til bruk. Herøy kommune registrerast i ROBEK etter § 28-1 første ledd bokstav d, då balanserekneskapen viser eit oppsamla meirforbruk frå driftsrekneskapen som overstig tre prosent av brutto driftsinntekter.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Sissel Hol
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 robekskjema_2025-Innmelding 1515 Herøy

Kopi til:

Herøy kommune

Postboks 274

6099

FOSNAVÅG